

Metodeskildring - utteikning av utmarksgrensa i Øygarden


1. Utveljing av område for utmarksgrense

Områda med utmarksgrense er valde ut fordi dei er store samanhengande naturområde og kystlyngheier, som samla strekkjer seg frå sør til nord i Øygarden:

- Utmarka rundt Veten i sør
- Liatårnet og Fjellparken
- Midtmarka
- Austsida av Toftarøyna, frå Sæle til Tofta
- Golta - Selstøa (her har statsforvaltaren i Vestland starta opp arbeid med natureservat)
- Samanhengande utmark rundt Kørelen, mot havet og bygdene rundt
- Vestsida av Algrøyna
- Vest sida av Foldnes
- Søre delen av Tyssøyna
- Utmarka midt på Bjørøyna
- Utmarka på Seløyna, Hopøyna og Alvøyna i nord

Der utbygginga og fortettinga er størst og det bur flest, minkar naturområda mest. Derfor er utmarksgrensa også lagt til naturen som er att i dei største pressområda i kommunen, der mykje av naturen i allereie er tapt. Desse områda er:

- Foldnes, Våge og Hjelteryggen, Anglavik – bustad og sentrumsutvikling
- Utmarka på Blomøyna, Ulvøyna og Ono – næring- og sentrumsutvikling



2. GIS analyse som utgangspunkt for skisse til utmarksgrense

Formålet med utmarksgrensa er å hindra at vi stadig bygger oss innover i dei store samanhengande naturområda våre. Samstundes skal det vera mogleg å oppretthalda beite i utmarksområda, då beite saman med lyngbrenning held kystlyngheiene i hevd.

For dei utvalde områda er det gjennomført ein GIS analyse som utgangspunkt for dei ulike områda med utmarksgrense:

1. Hovudregel er at [kartlagd og verdsett natur](#) (miljødirektoratet sin instruks - NiN kartlegging) og formålet LNF skal vera innanfor utmarksgrensa.
2. Buffer som ligg mot veg og utbygging skal nyttast til å setta grensa.
 - a. Buffer bygg + tiltak = 15 m (som i Arealrekneskapen)
 - b. Buffer veg = 5 m (som i Arealrekneskapen)
3. Dersom det ikkje er konflikstar med natur kan det vera behov for å nytta formålsgrensa i plan (oftast LNF-spreidd), for å teikna rettare linjer (unngå lange tarmar/hjartefrekvens på utmarksgrensa) med mål om å ta vare på samanhengande natur og samstundes ivareta spreidd utbygging.
4. Vatn/sjø kan vera med for å laga samanhengande flate.

3. Tilpassingar og justeringar til ønskt utvikling

GIS analysen tek med seg område som er under planlegging og utbygging, eller inngår som del av ei naturleg sentrumsutvikling. Andre stader er traktorvegar og bygningar utelate frå utmarksgrensa.

Endeleg utmarksgrense er ein justert versjon av utmarksområda som vart teikna ut ved bruk av GIS analysen. Justeringane som er gjort tek utgangspunkt i at utmarksgrensa skal teiknast ut i ein større skala/på kommuneplannivå:

- Utmarksgrensa er i hovudsak lagt i område som allereie er satt av til LNF-formål i gjeldande planar, men tek nokre stader med seg ytterkantane av ubygde formål som ligg i gjeldande KPA, KDP eller RP der det er høge naturverdiar eller høgt byggepress mot utmarka.
- I område der det er bygd hytter i LNF-formålet, er hyttene også del av utmarka.
- Nokre naust som ligg for seg sjølv i utmarka, og/eller satt av til LNF vert også del av utmarka.

- Utmarksgrensa tek ikkje med seg byggeformål i utkast til sentrumskjernen, og i liten grad omlandet til sentrum.
- Landbruksjorda er i hovudsak ikkje teken med i utmarksgrensa. Naturtypen naturbeitemark og annan slåttemark vert ivareteken av næringsstrategien om å ta vare på landbruksjorda.
- Traktorveggar og annan landbruksdrift er nokre stader del av utmarka, men utmarksgrensa skal ikkje vera til hinder for landbruksdrifta.
- For å kunna ha store samanhengande område med utmarksgrense, kryssar den nokre stader fylkesveg eller kommunal veg, fordi vegane har samanhengande natur på begge sider.
- Likeins er det nokre får stader teke med bygd eigedom som allereie er utvikla, når desse eigedommane ligg langt inni eit utmarksområde. Eitt døme på dette er Dommedalen sør for Skogsvåg.

Kommenterte [LS1]: Sjekk mot endeleg grense.

Forkortingar som vert nytta i dokumentet:


LNF-formål: landbruks,- natur- og fritidsformål

KPA: arealdelen til kommuneplanen

KDP: arealdel til kommunedelplan

RP: reguleringsplan

Tabellen nedanfor viser kommentarar til den manuelle justeringa av utmarksgrensa for dei ulike områda:

Namn på utmarksområde	Kart og storleik	Kommentarar
<p>Seløyna - Hopøyna</p>	 <p>4853 dekar</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Store samanhengande kystlyngheier av ulik kvalitet. • Hopøyna har kystlyngheier med svært høg kvalitet. • Kryssar kommunal veg (Hjelmevegen) for å kunna teikna ut samanhengande område. • Tek med ein liten del av eit ubyggt formål for fritidsbustad.


Alvøyna



6379 dekar

- Store samanhengande kystlyngheier av ulik kvalitet. Utmark nord på Hatten har svært høg kvalitet.
- Tek med seg naturreservat på Tjeldstø.
- Noko ubygd formål til tenesteyting (naboareal til Skjerdgardsheimen og areal ved tidlegare Alvheim skule) er teken med.
- Tek med kommunalt vassforsyningsanlegg og noko ytterkantar på ulike byggeformål, som bustad og LNF-spreidd.
- Kryssar veg (fylkesveg 561 og 5280) og etablert infrastruktur for Stureterminalen for å kunna teikna ut samanhengande område.


**Dale –
Blomvågnes og
Blom**



2930 dekar

- Store samanhengande kystlyngheier, mykje med svært høg og høg kvalitet (Dale og Blom).
- Tek med noko ubygd næringsformål ved Stasjonsvegen.
- Tek med seg areal med gassrørleidning Kollsnes-Mongstad (Svært høg kvalitet på lyng), men dette skal sjølvsagt ikkje påverka produksjonen.


Ulvøyna og Ono



1785 dekar

- Store samanhengande kystlyngheier - høg kvalitet på Ono.
- Tek med noko ubyggd næringsareal på Ono (høg kvalitet på lyng).


Kongvika og Algrøyna



3263 dekar

- Store samanhengande kystlyngheier, det meste med svært høg kvalitet. Elles myr og svaberg.
- Går delvis inn i ubygde bustadareal og turist- og fritidsformål, der kystlyngheia har svært stor kvalitet.

Midtmarka



26782 dekar

- Store samanhengande utmarksområde med kystlynghei av ulik kvalitet, men i stor grad er kvaliteten høg og svært høg.
- Også andre naturtypar (våtmark) med svært høg kvalitet.
- Utmarksgrensa tek med seg noko bustad-, teneste- og næringsformål der det er høg eller svært høg kvalitet på lyng.
- Der kvaliteten er lågare er den lagt langs med byggeformål og LNF spreidd.
- Tek med seg område for oppheva reguleringsplan for ny Fv 561 gjennom midtmarka. KDP for traseval ligg framleis att, og er i utmarksgrensa. Endeleg utmarksgrense i dette området må truleg ta høgde for resultatet av forprosjektet som pågår for Fv 561 – Kolltveit – Ågotnes.


Liatårnet med Fjellparken



17576 dekar

- Stort samanhengande utmarksområde, der kystlyngheia i stor grad har høg kvalitet (Frå Bildøybakken til Lundaneset).
- Fjell Festning og Bjørkedalen, Bildøy vassverk og Pyttane vert teken med, men aktiviteten skal kunna oppretthaldast.
- Utmarksgrensa tek med seg ytterkanten av noko bustad- og LNF-spreidd formål der det er høg eller svært høg kvalitet på lyng.
- Tek med seg noko areal som ligg i KDP for traseval for fylkesvegen sørover, men er lagt utanfor nyare reguleringsplan for vegen. KDP for vegtrase ligg framleis att.


Kørelen utmark



24537 dekar

- Stort samanhengande utmarksområde, med kystlynghei av høg kvalitet som tek utgangspunkt i Kørelen, og mot bygdene som ligg rundt vatnet.
- Tek med seg ytterkantane på noko LNF-spreidd og bustad der det er høg kvalitet på lyng.


Veten



25314 dekar

- Stort samhengande utmarksområde med kystlynghei av høg kvalitet (Frå Hammarsland til Kleppe).
- Også noko skog i Dommedalen og Førdesdalen med høg kvalitet.
- Kryssar fylkesveg (Austre Sundvegen) for å kunna teikna ut samhengande område.
- Tek med seg ytterkantar på noko LNF-spreidd-, bustad- og næringsformål.
- Tek med seg ubygd areal til tenesteyting ved Stranda skule.
- Tek med seg hytter som ligg i LNF.
- Tek med seg område for ny Fv 555 gjennom utmarka mellom Skogsskiftet og Eidesund. Vegen har ingen avkøyrslar, og utmarksgrensa har som intensjon om å hindra ytterlegare utbygging. Dersom vegen ikkje vert realisert eller redusert i omfang, er de kystlynghei med høg kvalitet som kan takast vare på i området.


Sæle - Tofta



4431 dekar

- Store samanhengande kystlyngheier, mykje med svært høg og høg kvalitet).
- Går delvis inn i eit bustadformål ved Tyrnevika, og tek med seg noko ytterkant av LNF-spreidd og fritidsbustad.
- Kryssar veg (Sælsvegen) for å kunna teikna ut samanhengande område.


Tyssøyna utmark



680 dekar

- Området er ikkje kartlagt i nyare tid, men har store samanhengande naturområde i sør. Truleg med kystlynghei, myr og noko skog (mykje planta).
- Friområde som er statleg sikra er del av utmarksområdet.
- Tek med restar av eit bustadformål i KPA som ikkje er teken med i reguleringsplan.


Bjørøyna utmark



1390 dekar

- Området er ikkje kartlagt i nyare tid, men har store samanhengande naturområde midt på øya. Truleg med kystlynghei, myr og noko skog (mykje planta).
- Tek med seg ubygd formål rundt skulen.


**Nordre
Litlesotra
utmark**



5353 dekar

- Det vert arbeidd med kartlegging av naturtypar i området som vil vera klart i løpet av hausten 2025. Den kan derfor komma justeringar av området til sluttbehandling av planprogrammet.
- Her er store samanhengande naturområde midt mellom bustad og sentrumsområde med høgt press av utbygging.
- Tek med seg nokre ytterkantar av ubygde arealformål til bustad.
- Tek med seg hytter som ligg i LNF.
- Kryssar veg ved Vågo for få til store samanhengande område.

Foldnes vest



1081 dekar

- Det vert arbeidd med kartlegging av naturtypar i området som kan innebera behov for justeringar til sluttbehandling av planprogrammet.
- Tek med seg hytter som ligg i LNF.